

ÅRSRAPPORT 2024 FOR SVEIO GOLFPARK AS

Verksemda

Sveio Golfpark AS (SGP) driftar Sveio Golfbane (27 hol) i Sveio kommune, samt Nordvegen Golfbane – Torvastad (18 hol) og Karmøy golfbane - Skudenes (9 hol) i Karmøy kommune. Haugaland golfklubb (HGK) eig 1/3 av aksjane i SGP, medan Sveio kommune eig resten.

SGP eig ca 900 mål av golfparken i Sveio og har i tillegg langsiktige leigeavtalar med øvrige grunneigarar om retten til å nytta det regulerte området på 1420 mål til golfbanedrift. Sveio golfbane er bygd frå grunnen av i urørt utmark og utgjer eit av dei beste golfanlegga i landet.

I Sveio er det Sveio kommune som er eigar av 18hols-banen og Haugaland Golfklubb er eigar av 9holsbanen, ny drivingrange og servicebygg, medan SGP har evigvarande bruksrett til og står for drift og vedlikehald av heile baneanlegget, samt markedsføring av banen, drift av proshop, sponsorverksemd, undervisning og baneadministrasjon.

Saman med Albatross senter (trening, spa og helse) og tilliggjande fuglereservat, inngår Sveio golfbane og turløypa i eit friluft- og rekreasjonsområde som ein har valt å kalla Sveio Golfpark.

Sveio kommune har bygd ca 4 km lysløype langs turstien på banen og dette bidreg til auka bruk av rekreasjonsløypene i golfparken gjennom heile året, inkludert kveldstid. I 2021 let Sveio kommune oppføra dagsturhytte mellom hol 15 og 16 i golfparken (Golfståvo) - med dugnadsinnsats frå SGP.

Ny drivingrange og nytt servicebygg vart teke i bruk i 2023, medan den nye 9 holsbanen og lysanlegget på drivingrange vart offisielt opna av kulturminister Lubna Jaffery 24 august 2024.

Drifta av Sveio golfbane skjer i nært samarbeid med HGK) som har denne som sin heimebane.

På Torvastad er det Nordvegen Golfklubb (NGK) som er eigar av golfanlegget, medan dei har inngått langsiktige leigeavtalar med grunneigarane om retten til å nytta området. NGK har så inngått driftsavtale for anlegget med SGP, som forestår drift og vedlikehald av baneanlegget, markedsføring av banen, proshoptilbud, sponsorverksemd, samt undervisning og baneadministrasjon.

SGP overtok drifta av Nordvegen golfbane i 2018 og drifta skjer i nært samarbeid med NGK som har denne som sin heimebane. Banen er supplert med 2 golfsimulatorar.

I Skudenes er det Karmøy Golfklubb (KGK) som er eigar av golfanlegget, medan dei har inngått langsiktige leigeavtalar med grunneigarane om retten til å nytta området. KGK har så inngått driftsavtale for anlegget med SGP, som forestår drift og vedlikehald av baneanlegget, markedsføring av banen, proshoptilbud, sponsorverksemd, samt undervisning og baneadministrasjon.

SGP overtok drifta av Karmøy golfbane Skudenes i 2024 og dette skjer i nært samarbeid med KGK som har denne som sin heimebane. Banen er supplert med ein golfsimulator på Åkra.

Finansiering og økonomi

Andelsbrevane er i rekneskapen kategorisert som innskoten andelskapital, ettersom SGP ikkje er forplikta til framtidig innfriing, medan andelsbrevane er omsettbare på eigaren si hand. Dokumentet gjev innehavaren - om medlemskontingent til HGK og speleavgift til SGP er betalt - spelerett på alle banane som SGP driftar, samt spesielle fortrinn på banen.

Eigenkapitalandelen er 72,6% (mot 69,6% i 2023).

Styret meiner elles at verdien av den evigvarande speleretten på golfanlegget i Sveio i dag ikkje fullt ut er reflektert i eigenkapitalen.

Sveio kommune har gitt 40 års driftsgaranti for golfbanen i samband med tildelte spelemidler frå Kultur- og idrettsdepartementet.

Driftsinntektene i 2024 var kr 14 421 956 (+25,3 % frå 11 512 364 i 2023).

Resultat før skatt var kr 1 542 302 (1 573 196 i 2023) og etter skatt kr 1 181 308 (1 186 567 i 2023). Styret foreslår at kr 1 181 308 vert overført annan eigenkapital.

Helse, miljø, sikkerhet og likestilling

Arbeidsmiljøet i verksemda er godt. Det er ikkje rapportert skader eller yrkesrelatert sjukefråver. Selskapet har eit nært samarbeid med kriminalomsorga og omsorgsinstitusjonar i Sveio om praksisplasser for ein del av deira klientar.

SGP har i driftsåret hatt stort fokus på det ytre miljøet i verksemda gjennom planmessig vedlikehald av baneanlegga, avfalls-sortering, orden og ryddighet.

Den nye drivingrangen, 9 holsbanen og servicebygget bidrar vesentleg til betring av det ytre miljøet i portalen til Sveio golfpark – herunder inkluderer det toalettilbod til alle som nyttar tur- og lysløypa i golfparken. Oppmerka parkeringsplass bidrar til auka kapasitet og trygg parkering for alle som nyttar området.

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø og dette er også dokumentert gjennom utført konsekvensanalyse for avsig til omliggjande naturreservat i samband med baneutvidinga.

Selskapet har 15 tilsette medarbeidarar – herav ei kvinne.

SGP satsar spesielt på å auka aktiviteten blant kvinner, barn og unge og har sidan 2020 auka rekrutteringa blant barn og unge med 25% pr år.

Utsikter for verksemda

Medlemstalet i driftsåret har i Sveio auka frå 829 til 898 (7,7% mot 1,0% i 2023), på Nordvegen auka frå 501 til 551 (10% mot 14,9% i 2023) og er i Skudenenes 226. Samla medlemstal er på 1 675.


Spesielt gledeleg er det at medlemstalet blant **barn og unge no utgjør 348 medlemmer (26,9% av medlemstalet som har spelerett).**

Erfaringane etter å ha teke over drifta av Nordvegen og Karmøy golfbanar er gode. Dette tiltaket bidrar til meir rasjonell drift og auka fordeler for heile medlemsmassen i HGK, NGK og KGK.

Styret arbeider vidare med planar om å få etablert eit hotell/sportell overnattingstilbud i golfparken.

SGP samarbeider nært med HGK, NGK og KGK om bruk og utvikling av golfbanane. HGK, NGK og KGK utfører alle eit vesentleg dugnadsarbeid i samband med løpande vedlikehald av banane og HGK har også utført ein vesentleg dugnadsinnsats i samband med det nye anlegget.


Sveio, 12. mars 2025



Per Bjørn Habbestad
Styreleiar




Jorunn Skåden
Styremedlem



Øystein Bjelland
Styremedlem



Thomas Johan Brekke
Styremedlem



Linn Thoresen Erve
Styremedlem



Gavin Hinds
Dagleg leiar